



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Jan Gunnar Vaktskjold
Nøtlevågen 140
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/916 - 14/4396

Saksbehandlar:
Øyvind Hatleli
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:
30.04.2014

Landbrukssak Gbnr 69/49 Vågstaule - Søknad om bygging av landbruksveg

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 69/49 Vågstaule i Radøy kommune

Saksutgreiing:

Vegen skal vere driftsveg inn til ny driftsbygning. Steinuttaket skal gje stein til veg, tomt og reiskaps plass/snuplass. Avkøyringa er frå privat veg, og vegen skal gå rundt heile driftsbygningen. Lengda vert om lag 30 meter.

Ved handsaming av søknader om bygging av landbruksveg skal ein nytte *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200, og *Lov om forvaltning av naturens mangfold* LOV-2009-06-19-100 (Naturmangfaldlova) dersom tiltaket kan påverke særskilte natur- eller miljøverdiar. Etter forskrifta skal ein ta omsyn til konsekvensane tiltaket vil ha på naturmiljø, landskapet, kulturminner og friluftsliv.

Det er ikkje registrert særskilte natur eller miljøverdiar, eller raudlista artar i nærleiken av tiltaket. Konsekvensane for miljøet vil difor vere minimalt. Tiltaket påverkar eit avgrensa område og vil heller ikkje gje nokon konsekvensar for friluftslivet i området.

Søknaden er sendt til uttale hjå Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemyndigheit. Det har ikkje kome uttale frå dei, men det er ikkje kjende kulturminne i nærleiken som vert påverka av tiltaket. Skulle det dukke opp kulturminne som kan vere forhistoriske under arbeidet skal det meldast straks til Hordaland fylkeskommune og alt arbeid stogkast til dei har undersøkt funnet, jf. *kulturminnelova* § 8.2.

Det skal leggjast vekt på å finne gode heilheitsløyningar uavhengig av eigedomsgrenser og vegen skal vere rekningsvarande og rasjonell for drifta på garden jf. §3-3 i forskrifta. Vegen skal vere driftsveg til ny driftsbygning og noko anna vegløyning vil ikkje vere aktuelt her, og vil utan tvil vere rekningsvarande og rasjonell med omsyn til drifta.

Vedtak:

Jan Gunnar Vakt skjold får løyve til å byggje vegen som omsøkt på gnr/bnr 69/49 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

- Eventuelle skjeringar skal jordslåast og såast i for å minke sår i landskapet.
- Vegen skal byggjast slik kartskissa syner.
- Løyvet er gyldig i tre år frå dato vedtaket vart motteke.
- Ein skal søke å unngå unødvendige sår i landskapet under bygginga.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200

Vedtaket kan klagast på jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Landbrukssak Gbnr 69/49 Vågstaule - Søknad om bygging av landbruksveg
Kart

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
--	---------------	------	--------

Mottakere:

Jan Gunnar Vakt skjold	Nøtlevågen 140	5938	SÆBØVÅGEN
------------------------	----------------	------	-----------